



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time.

For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimelessig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

## Sjukepleiar - 100% fast stilling

### Stillingsinformasjon

Meland heimeteneste har ledig 100% fast stilling for sjukepleiar frå 01.11.2018.

Stillinga har dag- og kveldsvakter og arbeid kvar tredje helg.

### Kvalifikasjonskrav

Norsk autorisasjon som sjukepleiar.

Vi ser etter ein sjukepleiar som trivst i eit hektisk miljø, og er open for nye utfordringar.

Vi forventar at du har gode faglege kunnskapar, har pasienten i fokus, har interesse for heimesjukepleie og dessutan evne til å arbeide sjølvstendig og i team.

Vi ynskjer deg som har godt humør, gode samarbeidsevner

### Vi tilbyr

Faglege utfordringar og muligheit for å bidra til vidareutvikling av heimtenesta.

Arbeid i eit godt og stimulerande arbeidsmiljø.

Opplæring etter behov.

Løn etter gjeldande tariffavtale.

God pensjonsordning.

### Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

### Generell informasjon

Godkjend politiattest som ikkje er eldre enn tre månader må framvisast ved tilsetting og seinast før arbeidstakar byrjar i stillinga.

Søknadsfrist 28.10.2018

Utlyst dato 09.10.2018

Vårref

82/18

### Kontaktperson

Britt Hilde Romarheim, Leiar Meland heimeteneste, mobil: 994 97 611, [britt.romarheim@meland.kommune.no](mailto:britt.romarheim@meland.kommune.no)